



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse
Postboks 1093
5809 Bergen

Deres ref

Vår ref
22/4068-

Dato
20. oktober 2023

Tillegg nr. 4 til oppdragsbrevet til HK-dir for 2023

Vi viser til oppdragsbrev til Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) for 2023. Her følger tillegg nr. 4 til oppdragsbrev for 2023.

Oppdrag

Oppdrag nr. 2023-08	Videreføring av arbeidet med kvalitetshevende tiltak for delprøve i munnleg kommunikasjon
Bakgrunn	
<p>Over flere år har det vore identifisert eit behov for å heva kvaliteten på delprøven i munnleg kommunikasjon. HK-dir har arbeidd med å greia ut korleis dette kan gjerast i oppdraga 2021-008 og 2022-06. I rapporten «Utredning av kvalitetshevende tiltak for delprøve i munnleg kommunikasjon» tilrår HK-dir å leggja om sensurordninga for denne delprøven, og gå over til tosensorvurdering, nasjonalt sensorkorps, sensur i ettertid og filmopptak av prøven. Dette vil sikra at kandidatane får så lik og rettferdig behandling som mogleg og dermed auka rettssikkerheit.</p>	
Om oppdraget	
<p>HK-dir skal førebu implementering av den tilrådde sensurordninga. Dette vil skje i to delar. Dette oppdraget inneheld del 1 der HK-dir skal avklara spørsmål den tilrådde sensurordninga reiser, knytte til mellom anna praktisk gjennomføring, personvern og datatryggleik og regelverksendringar.</p> <p>Dei mest aktuelle spørsmåla som må avklarast, er lista opp under. Det er sannsynleg at fleire spørsmål vil dukka opp undervegs, så dette er ikkje meint som ei uttømmende liste.</p>	

Postadresse
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo
postmottak@aid.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 64
www.aid.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
983 887 457

Avdeling
Integreringsavdelingen

Saksbehandler
Heidi Tamminen
Egge
22 24 76 81

- Kva for endringar vil vera nødvendige i forskrifter og andre regelverk som regulerer Norskprøven?
- Korleis skal prøvegjennomføring og sensur føregå reint praktisk, og korleis skal det administrerast i det nye prøvesystemet?
- Kva moglegheiter og avgrensingar vil ligga i det nye prøvesystemet?
- Kva må me gjera for å tilfredsstilla krav til personvern/datatryggleik i GDPR når me skal gjera filmopptak av kandidatar og eksaminatarar?

Kva økonomiske konsekvensar vil ny sensurordning få?

Basert på desse utgreiingane skal HK-dir levera eit detaljert forslag til og tidsplan for del 2 av oppdraget.

Tildeling	Gjennomføring med allereie tildelte midlar.
Frist:	15. desember 2024

Med hilsen

Toril Melander Stene (e.f.)
avdelingsdirektør

Heidi Tamminen Egge
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Riksrevisjonen